

**SOGN CYKLEKLUBB**

Referat: Styremøte
Tid og stad: Måndag 24.3.14 kl 17:00 – 21:00 / Læg Reid hotell
Tilstades: Cathrine Stigen Bøen, Weronica Øvstetun, Erik Sannebro, Knut Kjærvik, Tor Erik Hamre (frå 19:00)
Forfall: Reni Herland
Referent: Knut Kjærvik

Saksnr:	Sak:	Ansvar/frist:
14-03-24 / 1	<p>Refleksvestar til Jotunheimen Rundt</p> <p>Håkon Nesse har fremma forslag om kjøp av refleksvestar til Jotunheimen Rundt. Eit trafikksikkerheitstiltak som han ogso har fått støtte til frå blant anna Fylkeskommunen.</p> <p>Håkon har sendt epost til styret om støtte til å velje ein av to leverandørar: * ViaScandinavia sitt tilbod er på ca 140-150,- per vest inkl/trykk Totalt levert 1000 vestar ca 180 000,-</p> <p>* Intersport sitt tilbod er på ca. 190,- per vest utan trykk Totalt levert 1000 vestar ca 238 000,-</p> <p>Håkon anbefalar at ein velgjer ViaScandinavia då prisforskjellen er på nær 60 000,-.</p> <p>Styret er einige i Håkon sin vurdering og godkjenner ViaScandinavia som leverandør av refleksvestar.</p>	
14-03-24 / 2	<p>Medlemskort og medlemsavgift</p> <p>Våren er tid for betaling av medlemsavgift og utlevering av medlemskort. Klubbens medlemskort bør tydeleg vise at det gjeld Sogn Cycleklubb og samtidig vise at medlemsavgift er betalt i aktuelt år. Det siste blant anna for å få rabatt på sykkelklede og –utstyr frå Intersport</p> <p>Medlemskorta som blei skrive ut i fjor har ikkje årstal og ser mest ut som medlemskort for Club Intersport. Styret antek at desse korta må bytast ut. Ei løysing fleire andre idrettslag gjer er å sende mjuke kort saman med faktura for betaling av medlemsavgift til medlemmane. Når faktura betalast må kvar og ein sørge for å få med oblat for betalinga, som deretter limast på kortet. Dette er ein enkel og billeg løysing.</p> <p>Cathrine tek saken vidare.</p>	Cathrine
14-03-24 / 3	<p>Ny webside for Jotunheimen Rundt og for klubben</p> <p>Styret i Jotunheimen Rundt v/Jørgen Ulrik Berg har sendt førespurnad til fleire utviklingsbyrå om utvikling av nye nettsider for Jotunheimen Rundt.</p>	Knut



	<p>Det er komme inn tilbod frå Mediabruket i Førde på ca 87 000,- eks moms. Dette er ein stor sum, sjølv for Sogn CK som per i dag har god økonomi.</p> <p>Knut undersøker kva som ligg inne i tilbodet frå Mediabruket, og kva styret i Jotunheimen Rundt (Håkon, Jørgen) ser for seg.</p> <p>Når det gjeld nettsidene til klubben sjølv kan desse utviklast/utarbeidast av styret sjølv. Det er oppretta ei nettside på Domeneshop (som også brukes ifm den nye epost-løysinga) der Kjetil Melheim har sett opp ein standard Wordpress-installasjon. Knut ser vidare på dette.</p>	
14-03-24 / 4	<p>Søknader til klubben om økonomisk støtte</p> <p>Klubben har i fleire år støtta unge og aktive utøvarar som har valgt å satse på å konkurrere innan sykkel. So langt i år har klubben fått inn søknader frå Sedrik og Thristan Engebø Ullebø, samt Runar Sekse om støtte.</p> <p>Før styret behandla dei enkelte søknadene vart det diskutert om det fantes retningslinjer for denne støtten. På nettsidene til Sogn CK står det:</p> <p><i>«Er du ung og ynskjer å satse på å konkurrere innan sykkel? Sogn Cykleklubb har pr i dag god økonomi, og vi ynskjer å nytte noko av midlane til å støtte unge medlemar, som gjerne vil satse og konkurrere. For å verte vurdert til midlar, har vi utforma eit skjema som skal nyttast når ein søker. Skjema får du ved å ta kontakt med styreleiar Johannes Tubbene johannes.tubbene@vegvesen.no. Utfylt skjema sender du i retur til styret v/Johannes Tubbenene. Frist 31. januar»</i></p> <p>Utover denne teksten er det ikkje skrive noko om retningslinjer for støtte, verken på klubben sine nettsider eller i klubben sine vedtekter. Det er heller ikkje beskrive kva sum ein kan få i støtte, eller kva klubben ønskjer tilbake i form av rittrapportar, oppsummering frå sesongen osv.</p> <p>Styret beslutta derfor at følgjande retningslinjer skal gjelde for støtta til unge som ynskjer å satse:</p> <p>Føresetnad for å kunne søke om støtte til satsing innan sykkel er at ein må vere medlem i Sogn CK. Klubben vil prioritere søknader frå unge medlemmar (under 23 år).</p> <p>Dei som får støtte frå klubben skal:</p> <ul style="list-style-type: none">• Levere rittrapport med bilete og informasjon frå alle ritt• Presentere oppsummering av sesongen ved sesongslutt/sponsormøte• Delta på dugnader (Jotunheimen Rundt, Tour of Kids)• Delta på fellestreningar <p>Satsane på støtte er:</p> <ul style="list-style-type: none">• Ungdom (10-16) blir støtta med inntil kr 10 000,-	Cathrine (Knut legg ut informasjon på nettside)



	<ul style="list-style-type: none">• Junior (17-18) blir støtta med inntil kr 10 000,-• U 23 (19-22) blir støtta med inntil kr 20 000,- <p>Halvparten av summen utbetalast ved sesongstart, andre halvparten ved sesongslutt (årsmøte).</p> <p>Styret vedtok å innvilge søknadane frå Sedrik Engebø Ullebø (10 000,-), Thristan Engebø Ullebø (10 000,-) og Runar Sekse (10 000,-).</p> <p>Knut legg ut oppdatert informasjon om støtte på klubben sine nettsider. Cathrine informerer søkerane om innvilga søknad og klubbens vilkår.</p>	
14-03-24 / 5	<p>DIVERSE</p> <p>Oppstart Laurdagstrening</p> <p>Laurdagstreninga startar opp at laurdag 29. mars</p> <ul style="list-style-type: none">• Klokka 09:00 for gruppe 1 og 10:00 for gruppe 2 og 3.• Oppmøte utanfor Statoil Sogndal• Kapteinar for dei ulike gruppene er:<ul style="list-style-type: none">○ Gruppe 1: Geir Orrestad og Erik Stedje○ Gruppe 2: Stig Vattekar og Arne Frode Barsnes○ Gruppe 3: Jon Stedje og Magne Lund	<p>Erik ordner informasjon til Sogn Avis</p> <p>Knut legg ut informasjon på facebook og nettside</p>
	<p>Sportsleg plan / treningsplan 2014</p> <p>Sportsleg utval har utarbeida overordna retningslinjer for trening i 2014. Knut legg ut treningsplan/sportsleg plan på facebook og nettside.</p>	<p>Knut</p>
	<p>Informasjon om Sognefjordrittet til bedrifter i Sogn</p> <p>Geir Ove Sva har utarbeide informasjonsmateriell om Sognefjordrittet som han ønskjer å sende ut til bedrifter i Sogn. Han ber styret om å vurdere denne informasjonen.</p> <p>Styret sin vurdering: Teksten er godkjent, men bør ha med Sogn CK sin logo og bilete av ein syklist.</p>	<p>Cathrine</p>
	<p>Spinningens dag 8. april</p> <p>Idrettssenteret ønskjer at Sogn CK stiller med ein stand + informasjon om Sogn CK på to av spinningtimane i Sogndal og ein av timane på Leikanger. Weronica høyrer med Jon Stedje og Kåre Stokkenes (som begge stilte opp i fjor) om dei vil stille for Sogn CK ogso i år.</p>	<p>Weronica</p>
	<p>Ungdomstrening i 2014</p> <p>Det vart starta opp treningsopplegg for unge syklistar 12-16 år utpå våren i 2013. Kristian Tjønneland frå Førde (student i Sogndal) har køyrt treningane og vil fortsetje med dette fram til han reiser frå Sogndal (mai/juni 2014). Weronica jobbar med å skaffe arvtakar for Kristian.</p> <p>Kristian vil legge ut informasjon om treningane i 2014 på eiga facebook-gruppe. Treningane vil køyrast måndagar og startar 21. april 17:30, oppmøte utanfor Sparebanken Vest.</p>	<p>Weronica</p>



	Fordeling av ansvar i styret Anvarleg nettbank og post - Reni. Ansvarleg nettløysingar (epost, nettside, SportsAdmin mm.)- Knut. Ansvarleg utstyr, klede - Erik S. Ansvarleg bil, tilhengar, utleige - Reni Arrangementsansvarleg - Weronica.	
	Møteplan fram til sommaren <ul style="list-style-type: none">• Måndag 28. april kl 17:00• Måndag 2.juni kl 17:00	